



## Statens vegvesen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining: Region vest      Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253      Vår referanse: 18/109762-2      Dykkar referanse: 18/1232-18/10294      Vår dato: 30.05.2018

### **Merknad til søknad om dispensasjon frå arealføremål – gnr. 22 bnr. 161 – Mjåtveit – Meland kommune**

Vi viser til høyring av dispensasjonssøknad motteke 14.05.2018, for eigedom gnr. 22 bnr. 161 seksjon 2, i Meland kommune. Søknaden gjeld dispensasjon frå arealføremål for å nytte delar av eksisterande bygningsmasser i næringsområde til bustadføremål.

#### Vår vurdering

Generelt meiner Statens vegvesen det er uheldig å tillate bustad i eit etablert industriområde. Vi stiller spørsmål ved kva kvalitet ein kan oppnå på bustader inne i eit eksisterande og regulert næringsområde. Etter vårt syn vil bustadkvaliteter som trygg tilkomst, trygge leikeareal og lågt støynivå vere vanskeleg å ivareta.

Næringsområdet har tilkomst frå fv. 564 via kommunal veg Mjåtveitflaten. Eigedomen ligg inne i næringsområdet, og tilkomst vil skje på veg som deles med næringstrafikk. Tilkomsten til omsøkte seksjon er langs ein sideveg i industriområdet som ikkje har tilbod for mjuke trafikantar. Statens vegvesen er negativ til bustader i eit område med slike trafikale tilhøve.

#### Konklusjon

På bakgrunn av ovannemnde vil Statens vegvesen rå ifrå dispensasjon frå arealføremålet for å tillate bustadføremål i næringsområdet.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Dersom kommunen er positiv til føremålsendringa, meiner vi at saka bør avklarast gjennom planbehandling for eit større område, slik at ein får belyst saka i rett grad. Gjennom planbehandling kan ein sikre dei trafikale tilhøva for mjuke trafikantar og vurdere tilkomst til målpunkt som skule, barnehage og leikeareal.

Statens vegvesen ber om å få vedtaket tilsendt for klagevurdering.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN